

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
612.9	Knut Øyjordet	06.09.23	30/23

## ANG. KRAV TIL VÅGÅ TAMREIN AS

### *Saksdokument:*

1. Sak 4/23 i fjellstyret med vedlegg.
2. E-post frå fjellstyret av 20.02.23 til Vågå Tamrein.
3. E-post frå Vågå Tamrein av 22.02.23 til fjellstyret.

### *Saksutgreiing:*

I behandling av klage frå elgjaktlaget i Sjolia ang. tamrein i barskogen under jakta, og søknad om refusjon av m.a. grunnavgift, vedtok fjellstyret følgjande i sak 4/23:

*Fjellstyret har forståing for at tilhald av tamrein i Sjolia over eit lengre tidsrom i haust og allereie frå tidleg i elgjakttida, var til ulempe for jaktlaget der, og er ei viktig årsak til at laget ikkje felte fleire enn ein av tre elgar. Sjølv om fjellstyret ikkje reknar med mange slike søknader i åra framover, så er spørsmål om refusjon av grunnavgift uansett ei prinsipiell sak. Fjellstyret vedtek at jaktlaget i Sjolia får refundert grunnavgift for ein av dei to elgane som ikkje vart felt på grunnkvota. Fjellstyret imøtekjem ikkje søknad om refusjon for utgifter med leige av husvære i jakta. Fjellstyret vil krevje Vågå Tamrein for den refunderte grunnavgifta som jaktlaget får tilbakebetalt, dvs. kr. 3.500.*

*Når det gjeld problem med at tamrein oppheld seg i barskog, og at dette ikkje er i tråd med pkt. 1 i hamneleigekontrakten mellom fjellstyret og Vågå Tamrein, så er dette tatt opp i eit møte 8. februar mellom Langmorkje almenning, Vågå Tamrein og fjellstyret.*

Etter at Vågå Tamrein vart gjort kjent med vedtaket, sende dei ein e-post til fjellstyret, som vart referert på fjellstyremøte 3. juni. I e-posten står det følgjande:

*Vågå Tamrein AS er samde i at det tidvis var ein del rein i barskogen i Sjolia hausten 2022. Årsakssamanhengen har vi og gjort rede for i eit tidlegare brev til Vågå fjellstyre. Når tilhøva er slik at rein ikkje vil beite i fjellet, så vil den naturleg nok trekke ned i vierbeite og ned i skogen. I Sjolia er det kort veg frå snauffjell til skog, og ved nordleg vindretning vil det diverre opptre rein i dette område.*

*Vågå Tamrein kan ikkje imøtekoma dette kravet frå Vågå fjellstyre. Dette er eit krav som går indirekte frå eit jaktlag om refusjon på grunnavgift for elgjakt, og dette vil med stor sannsynlegheit skapa ein presedens for liknande sakar i framtida. Slik vi ser det, så bør det vere eit klart skille på roller her. Vågå Tamrein leiger beite gjennom Vågå fjellstyre, og har gjennom den avtala plikter og retter som vi forholdt oss til. Likeeins som jaktlaget har ei avtale med fjellstyret for utøving av jakt. Vi håper Vågå fjellstyre har ei forståing for dette. Vi er sjølvsagt opne for dialog, og om det trengst stiller vi gjerne på eit møte for å forklare oss nærmare om denne saka.*

*Vurdering:*

Saka dreiar seg om dei kr. 3.500 som fjellstyret har kravd av Vågå tamrein. Spørsmålet er nå etter at Vågå Tamrein ikkje kan imøtekoma kravet, om fjellstyret skal gå vidare med å krevje inn beløpet eller trekkje tilbake kravet. Beløpet er ikkje stort. Dessutan er dette med bruk av gebyr ikkje nedfelt i hamneleigekontrakta. Det viktigaste for fjellstyret i denne saka er vel å få understreke alvoret og utfordringane med at tamrein i periodar beiter i område med barskog, og ulemper og konflikhtar det kan medføre i forhold til anna arealbruk. Denne gongen vart det konflikhtar i forhold til utøving av elgjakt. Det var også ein reaksjon frå Langmorkje almenning sist vinter om ulemper i forhold til skogforynging. Vi må forvente at Vågå Tamrein sørgjer for at dette ikkje skjer framover slik som sist haust.

**Innstilling til vedtak:**

Fjellstyret trekkjer tilbake kravet på kr. 3.500 til Vågå Tamrein i samband med at eit jaktlag fekk tilbakebetalt grunnavgift på ein elg etter tilhald av rein i jaktfeltet over ei lengre periode i fjor. Problem med tilhald av tamrein i område som ikkje er i tråd med hamneleigekontrakta, vil fjellstyret følgje opp på vanleg måte. Fjellstyret forventar at Vågå Tamrein skjerpar inn dette med å halde reinen borte frå område med barskog.

**Vedtak:**

Samrøystes: Fjellstyret trekkjer tilbake kravet på kr. 3.500 til Vågå Tamrein i samband med tilhald av tamrein i område som ikkje er i tråd med hamneleigekontrakta. Bruk av gebyr er ikkje nedfelt i gjeldande hamneleigekontrakt. Fjellstyret vil difor sjå på dette med bruk av gebyr ved neste revisjon av hamneleigekontrakta.

Før behandling av saka stilte Pål Grev og Turid Grimsbø Snerle spørsmål om sin habilitet, og fråtredde møtet. Fjellstyret vedtok samrøystes at dei var inhabile, og dei deltok ikkje i behandlinga av saka.

*Rett utskrift. Går til:*

Vågå Tamrein v/Dag Inge Bakke

*Kopi til:*

Langmorkje almenning  
Jaktlaget i feltet Sjolie

Vågåmo, 06.09.23

Knut Øyjordet (e.f)